



FJORD KOMMUNE
Postboks 144
6211 VALLDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Revidert planforslag for områderegulering for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika - Eidsdal

Statsforvaltaren opprettheld og trekker motsegner

Vi viser til brev frå Fjord kommune datert 14.november 2023 og oversending av revidert planforslag for områderegulering for Raudbergvika landbasert oppdrett. Kommunen ber oss om å vurdere om vi kan trekke motsegnene vi har til reguleringsplanen.

Statsforvaltaren har vurdert revidert planforslag og opprettheld motsegnene på følgjande punkt:

- **Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap, jf. T-2/16 punkt 3.9 og landskapsvernområde Geiranger-Herdalen punkt jf. T-2/16 punkt 3.6, 3.7 og 3.9**
- **Det er for stor usikkerheit for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad på økosystemet, jf. T-2/16 punkt 3.7, med vekt på naturmangfaldlova §§ 9 og 10**
- **Lokalisering av eit anlegg av denne storleiken må vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden, jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 19 og naturmangfaldlova**
- **Massehandtering må avklarast nærare, jf. pbl § 4-2**

Desse motsegnene er trekt frå 2.gongs høyring:

- **ROS-analysen tilfredsstillar ikkje utgreiingskravet i plan og bygningslova, jamfør plan og bygningslova § 4-3**
- **Føresegnene må sikre opparbeiding av badeplassen med rekkefølgekrav**

Planområdet ligg delvis innafor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap. Tiltaket omfattar utsprenging av fjellhallar innafor verdsarv og landskapsvernområde, der det skal etablerast produksjon av matfisk. Det er planlagt tunnel innafor verdsarv og landskapsvernområdet mellom Raudbergvika til Eidsdal. Det er i tillegg lagt opp til fleire bygningsfunksjonar i dagen, like utafor vernegrensa/verdsarvområdet.

Det er planlagt å ta ut 5,5 millionar m³ med fjellmassar.

Det er utarbeidd utfyllande vurderingar og notat relatert til næringsutslepp, mogleg drenering av grunnvatn og vassdrag på overflata over tunnel og bergrom, geotekniske vurderingar av fylling i sjø, reviderte situasjonsplanar og snitt av bergrom, handtering av sprengsteinmassar frå masseuttak og vurdering av betydning for næringslivet og samfunnsmessig berekraft i Fjord kommune, m.v.

Plankart, planomtale og føresegner er revidert.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader til revidert planforslag:

Verdsarv

Oppsummert vurderer Statsforvaltaren at prosjektet framleis er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap og landskapsvernområde Geiranger-Herdalen jf. T-2/16 punkt 3.6 og 3.9, og vi **opprettheld motsegna** på dette punktet.

Etablering av industriområde i Raudbergvika vil gje negative verknader for fleire av delverdiane og vil ikkje vere foreinleg med det langsiktige målet om å ta vare på landskapsvernområde og verdsarvområdet for framtida. Anlegget vil ha direkte påverknad på verneverdiane i form av arealinngrep og uttak av geologiske førekomstar innafør vernegrense og grensa for verdsarv.

Med både permanente arealbeslag og bygningar, auka støy, lysforureining, trafikk av folk, køyretøy og båtar vil anlegget gje negative verknader for verdsarven. Vi er også uroa for den langsiktige påverknaden på økosystemet i Storfjorden (sjå merknad under forureining).

UNESCO har i brev datert 6.november 2023 gitt sin evaluering av konsekvensutgreiinga for verdsarv som er utarbeidd i prosjektet. IUCN konkluderer med at prosjektet gir negative verknader for fleire av delverdiane på dei framifrå universelle verdiane i Vestlandsk fjordlandskap, både i anleggs- og driftsfasen. Dette omfattar uttak av mineralførekomstar mellom Raudbergvika og Eidsdal, som dei skriv vil vere det motsette av å ta vare på geologiske førekomstar, jf. kriterie viii. For kriterie vii vil prosjektet gje negative verknader for landskap, samt påverke vasskvalitet og marint naturmangfald

IUCN anbefaler at området blir restaurert framfor etablering av nytt næringsområde, samt at det blir utarbeidd ei overordna strategisk miljøkonsekvensutgreiing som ser alle store etablerte og planlagde prosjekt under eitt.

Klima og miljødepartementet har i brev datert 7.desember 2023 bedt alle aktørar knytt til plansaka å inkludere UNESCO sine konklusjonar i kunnskapsgrunnlaget som vert lagt til grunn i vurderingar og vedtak i saka.

Endra konsekvensgrad for verdsarv i revidert planforslag

Omfanget av utbygginga er i følge planomtalen redusert frå da plana sist var på høyring. Byggehøgde er redusert. Det er vidare oppgitt at smoltanlegget skal ut og at dette fører til vesentleg mindre bygningssmasse i dagen i Raudbergvika.

I føresegnene står det framleis at føremålet med planarbeidet er å legge til rette for oppdrettsanlegg for smolt og fisk, og utnyttingsgraden for næringsføremålet er ikkje endra. For å sikre reduksjon i

bygningssmasse og uttak av massar må føresegnene strammast opp i tråd med dei nye opplysningane.

Konsekvensutgreiing for verdsarv, utarbeidd av COWI, er sist revidert 7.september 2023. Frå 2. gongs høyring er konsekvens for landskap blitt oppgradert frå noko til betydeleg miljøskade, medan konsekvens for kulturmiljø og kulturminne har blitt oppgradert frå ubetydeleg endring til betydeleg miljøskade. Vidare er samla konsekvens for verdsarven oppgradert frå noko miljøskade til betydeleg miljøskade. For dei andre temaa er det ikkje noko endring i rapporten sidan 2. gongs høyring (sjå tabell).

	Alternativ 0	Alternativ 1
Landskapet	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Geologiske prosessar	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Friluftsliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Reiseliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Geologisk mangfald og geotopar	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Marint naturmangfald	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Naturmangfald på land	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Kulturmiljø og kulturminne	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Vassmiljø og vasstilstand i sjø	Ingen konsekvens	Fare for å endre vasskvalitet og vasstilstand negativt. Tiltaket kan føre til betydeleg miljøskade på vassmiljø og vasstilstand i fjorden.

Vassmiljø og vasstilstand i ferskvatn	Ingen konsekvens	Fare for å endre vasskvalitet og vasstilstand negativt. Tiltaket kan føre til betydeleg miljøskade på vassmiljø og vasstilstand i fjorden.
Lokalsamfunn og samfunnsverkander	Ingen konsekvens	Svært positiv endring (+++)
Grunngi høg/låg vektlegging av einskilde tema	Tiltaket har størst innverknad på geologiske førekomstar og geotopar, i tillegg til vasskvalitet og vasstilstand i sjø og ferskvatn. Desse er difor vekta høgare enn dei andre fagtema.	
Samla verknader	Ingen endring	Noko redusert
Samla konsekvensgrad		Samla konsekvens for verdsarven er satt til betydeleg miljøskade (--)
Grunngiving	0-alternativet ikkje få nokon konsekvens.	For dei aller fleste av tema vil tiltaket ha ein negativ konsekvens, men det er store forskjellar om dette gjeld Eidsdal eller Raudbergvika og for fleire av tema kan konsekvensen bli endra som fylgje av tiltak. Det er og knytt ei uvisse til korleis vassmiljøet og vasstilstand i ferskvatn og sjø vil bli påverka av eit såpass stort tiltak. Her vil det vere avgjerande med gode tiltak både for utslepp og inntak.

Kommunen viser i sin saksutgreiing til endringar som er gjort i ettertid av oppdatering av konsekvensutgreiing for verdsarv. Det er blant anna supplert med nye vurderingar av landskapsverknader, utslepp til sjø, marint naturmangfald og påverknad på grunnvatn og Kilstivatnet.

Kommunen meiner konsekvensgraden er redusert for landskap, mogleg påverknad på marint naturmangfald og vassmiljø. Kommunen meiner at usikkerheita for negative verknader for verdsarven er borte, og at potensiell miljøskade på verdsarv er kraftig redusert. Dette går også fram av revidert planomtale.

Når det gjeld uttak av massar skriv kommunen at massar djupt under overflata ikkje vart omtalt som verdsarverdi i innskrivingskriteriet. Kommunen meiner at etablering av anlegget ikkje vil påverke dei ytre geologiske prosessane som ligg til grunn for verdsarverdiane.

Statsforvaltarens vurdering av konsekvensgrad

Uttak av massar er i strid med føremålet om å ta vare på geologiske førekomstar. Konsekvensen er vurdert til å gje *betydeleg miljøskade* og det er eit ikkje-reversibelt inngrep innafør verdsarvområdet.

IUCN har stadfesta at uttak av berggrunn inneber tap av både geologisk og geomorfologisk integritet. Det vil seie at fjell djupt under overflata også er ein del av verdsarven. Vidare viser vi til at verdsarvkomiteen ser på mineralutvinning som uforeinleg med verdsarvstatusen.

Uttak av fjellmassar er framleis av eit stort omfang til tross for at det er planar om noko redusert uttak samanlikna med 2. gongs høyring.

Det er oppgitt at planane er endra og at utbygging i dagen er redusert. Berre redusert høgde er endra i føresegnene. Ved å redusere byggehøgde og bygningsmasse reduserer ein landskapsverknaden lokalt, men endringa av det samanhengande fjordlandskapet blir uavhengig av dette negativt påverka av etablering av eit industriområde ved Raudbergvika. Dette fordi Raudbergvika er ein naturleg del av fjordarma, og det landbaserte oppdrettsanlegget vil endre landskapsopplevinga innafor grensa til verdsarven.

Vi viser vidare til våre merknader i avsnitt forureining. Det er framleis vesentleg uvisse knytt til påverknad på Storfjorden som resipient og økosystem/marint naturmangfald på lang sikt.

Når det gjeld mogleg påverknad på grunnvatn og drenering av vatn innafor landskapsvern- og verdsarvområdet, tek vi til etterretning at hydrogeologar hos Norconsult konstaterer at det finns metodar for å stoppe utlekking av vatn som hindrar vidare drenering. COWI har i sin rapport uttalt at det ikkje finns metodar for å stoppe utlekking om ein treff på vassførande sprekkar frå overflata og ned til tunnelen. Statsforvaltaren har ikkje fagkompetanse til å ta stilling til om COWI eller Norconsult vurderer dette rett. Vi konstaterer at det er fagleg usemje om temaet.

Føresegnene sikrar overvaking av vasstanden ved Kilstivatnet eitt år før tunneldrivinga. Grunnvassnivået i berget skal også overvakast. Det er derimot ikkje sikra i føresegnene at naudsynte tiltak blir iverksett om målingane viser at vasstanden søkk. Krav om innlekkasjeprosent må avklarast ved regulering i denne saka, slik at tiltakshavar forpliktar seg til å iverksette tiltak.

Konsekvensutgreiinga for verdsarv bør oppdaterast i høve endringar i utbyggingsplanane og nye dokument. Dette vil rydde opp i ulike tolkingar av konsekvensgrad for ulike deltema. Slik planforslaget ligg føre no, er det ikkje samsvar med konklusjonane til KU verdsarv og andre plandokument, slik som til dømes planomtalen. Uavhengig av om dette blir utført, er det konstatert at verdsarvverdiane blir skadelidande.

Oppsummert er prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap og landskapsvernområde Geiranger-Herdalen jf. T-2/16 punkt 3.6 og 3.9, og vi opprettheld motsegna på dette punktet.

Å forvalte verdsarv

Det er knytt stor internasjonal merksemd til korleis verdsarvområda bli forvalta. Det er forventningar om at verdsarvområda skal syne beste praksis i ivaretaking av natur og/eller kulturverdiar.

UNESCO konvensjonen har som føremål å verne stader i verda som har framifrå universelle verdiar (FUV). Verdsarvkonvensjonen, som er ratifisert av 193 statar, gir eit unikt rammeverk for å sikre vern av desse eksepsjonelle stadene som er anerkjent for å ha framifrå universell verdi for menneskeheita.

Noreg har forplikta seg til å forvalte og ivareta desse områda etter beste praksis. Ein plass på denne lista betyr at det må bli tatt verdival for areal- og ressursbruk, også i framtida.

Det er ei nasjonal forventning om at kommunane sørger for at verdsarvverdiane blir ivaretatt etter forpliktingane i verdsarvkonvensjonen, og at omsynet til verdsarvverdiane blir sikra gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging, jf. *Nasjonale forventingar for regional og kommunal planlegging 2023-2027*. Forvaltninga av verdsarv skal vere fyrstårn for beste praksis innan kulturminne- og naturforvaltning (jf. Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013)).

Geirangerfjorden og Nærøyfjorden og samla verdi som verdsarvområde

Vestnorsk fjordlandskap omfattar dei to delområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Det er seks kommunar som har areal innafor verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap. Det er dei samla kvalitetane i fjordlandskapet til alle desse kommunane som kvalifiserer til verdsarvstatus. Ei av årsakene til dette er at Geirangerfjorden og Nærøyfjorden ikkje er prega av store inngrep.

Det landbaserte oppdrettsanlegget er eit stort inngrep i seg sjølv. Det er elles fleire store prosjekt under planlegging innafor verdsarvområdet, både i Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Det er viktig å huske at eitt inngrep/prosjekt innafor verdsarven i ein av kommunane påverkar integriteten og verdsarvstatusen for resten av verdsarvområdet, og for dei andre kommunane i Vestlandsk fjordlandskap.

Døme på andre prosjekt under planlegging er:

Gondolbane i Flåm, bygging av 90 meters høgt hotell i Flåm, utgraving i Aurlandsfjorden for å gjere plass til større båtar, veg og tunnel mellom Opplendskedal og Strynefjellet, gruvedrift og deponering av farleg avfall i Holmen gruve og etablering av næringskai, parkeringstunnel i Geiranger og skredsikringsiltak ved Åkneset.

IUCN har gitt konkrete råd til korleis Noreg skal forvalte verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap framover, for å kunne ta vare på dei framifrå universelle verdiane for framtida.

Dei rår til at det blir utarbeidd ein strategisk overordna miljøkonsekvensutgreiing og ein felles forvaltingsplan for delområda Geiranger- og Nærøyfjorden. Vidare meiner dei at gruvedrift bør fasast ut. Miljødirektoratet og Riksantikvaren har følgd opp dette og foreslår at dette blir gjort gjennom ein regional plan.

Forureining

Statsforvaltaren har vurdert motsegna frå førige planrunde og **opprettheld vårt motsegn** på forureining, med heimel i naturmangfaldlova §§ 9 (føre-var prinsippet) og 10 (samla belastning). Vi vurderer at eit stort utslepp til Storfjorden kan forringe miljøet.

Statsforvaltaren legg generelt ei føre-var-tilnærming til grunn for vurderingar av store utslepp inne i fjordar. Fjordar, og særleg terskelfjordar, har avgrensa kapasitet som resipient og har langt mindre tolegrense enn resipientar lenger ute ved havet. Store utslepp av organisk materiale og tungmetall som sink kan forringe miljøet i nærleiken av utsleppet. Utslepp av nærings salt, spesielt nitrogen, gjødsler og fører til auke i primærproduksjonen over eit større område.

Det er skildra i Marine Prospects AS at utsleppet er overvurdert og at det reelle utsleppet truleg er lågare enn det som er vurdert og modellert. Vår eigen og andre Statsforvaltarar si erfaring med

landbaserte anlegg er at reinsegraden er varierende, og at aktørar slit med å oppretthalde reinsegraden. Erfaringar frå liknande søknader og påbyrja anlegg tilseier at nitrogenutsleppet vil vere mellom 32 - 45 kg nitrogen per tonn produsert fisk, avhengig av førfaktor. Ved ei årleg produksjon på 100 000 tonn vil dette utgjere 3200 – 4500 tonn nitrogen per år.

Ingen utslepp til miljøet er ønska. Alle aktørar som har utsleppsløyve, skal i størst mogleg grad minimere påverknaden på miljøet. Vi er difor positive til alle tiltak som reduserer utsleppet til ein resipient, som å fange partiklar ved karet, oppgradering av reinseteknologi, val av fôr og bruk av finare filter som er skildra i samandraget frå Marine Prospects.


Sjølv med nokre endringar vil utsleppet, spesielt av nitrogen, vere svært høgt. For samanlikning er den årlege tilførselen av nitrogen frå Drammensvassdraget 4200 tonn eller utsleppet frå ein million personekvivalentar før reinsing 4380 tonn. Det samla årlege nitrogenutsleppet til Storfjorden frå akvakultur i dag er omtrent 662 tonn, og produksjonen er omtrent 62 tonn matfisk per km² (Tabell 1).

Tabell 1: Samanlikning av matfiskproduksjon i sjø mellom Storfjorden og Hardangerfjorden. Hardangerfjorden frå Bukkaskjeret (Tysnes) og innover. Storfjorden frå Barstadvik/Eikrem og innover fjorden utan Hjørundfjorden og utan matfisklokaliteten Sagelva. Her er det brukt same område som DHI viser i sin modellering av Storfjorden. Tal brukt: 38.5 kilo løyst nitrogen per tonn fisk produsert, 0.75 årleg produksjon frå MTB, areal summert frå vassforekomstene (vass-nett), MTB henta frå akvakulturregisteret.

	Hardangerfjorden	Storfjorden
Areal	682 km ²	274 km ²
Total matfisk MTB i sjø	79919	22620
Årleg produksjon	59939 t	16965 t
Produksjon per km ²	88 t	62 t
Tot-N utslipp årleg fra matfiskanlegg	2338 t	662 t
Produksjon per km ² med WHS	-	427 t
Tot-N utslipp årleg fra matfiskanlegg med WHS	-	3862 – 5162 t

I dag er den årlege produksjonen i Hardangerfjorden omtrent 88 tonn per km² med eit samla utslepp på 2338 tonn nitrogen (Tabell 1). Statsforvaltaren i Vestland har varsla ein negativ trend i næringstilførsel, klorofyllmåling og oksygenmetning i botnvatnet. Hardangerfjorden har truleg mindre utskifting av vatn enn Storfjorden på grunn av ein terskel på 120 m djup ved Bukkaskjeret i Tysnes. Det er difor naturleg å tru at Storfjorden kan tole noko høgare produksjon per km².

Storfjordsystemet har fleire djupe tersklar. Ein ved innløpet til Geirangerfjorden, ein omtrent 5 km sør for Raudbergvika, samt ein bratt undervasskråning frå Sjøholt til Honningdalsvågen der det går frå å vere frå 686 m til 410 m djupt. Det blir gradvis grunnare ut Sulafjorden og Vartalsfjorden. Storfjordsystemet har difor nokre store djupe «basseng». Dette er område som truleg har dårleg omrøring og kan vere utsett for oksygenvinn. Figur frå NIVAs rapport Økokyst 2019 viser Storfjordsystemet (Figur 1).



Figur 1: Figur 2 i «Golmen, Lars Gunder, et al. "ØKOKYST-DP Norskehavet Sør (I). Årsrapport 2019." NIVA-rapport (2020).»

Utsleppet søkt om frå WHS kan ikkje direkte samanliknast med utslepp frå matfiskanlegg i sjø. Utsleppet skal innlagrast på ei djupne mellom 40 og 80m, og dei høgaste konsentrasjonane vil ikkje nå overflata i samsvar med modelleringane. Lagdelinga i fjorden spelar derfor ei svært viktig rolle for å halde det meste av utsleppet unna den produktive sona.

Dersom store delar av utsleppet spreier seg opp til den produktive sona, vurderer vi at det er fare for eutrofiering i fjordsystemet. Hovudsakeleg på grunn av det ekstremt store utsleppet av nærings saltar innanfor fjordsystemet, 427 t per km² (Tabell 1). Primærfortynning, lagdelinga i fjorden og utbreiinga av utsleppet over lang tid er difor viktig i denne saka og var moment som vart tatt opp i COWIs KU-verdsarv rapport og svart ut av Akvaplan-niva i etterkant. Det blir konkludert med at det er noko usikkerheit i primærfortynninga frå utsleppspunkt på 20 m djup og innlagringa mellom 40 m og 80 m djup, men at den horisontale spreinga er meir sikker og viser spreinga bra.

Langtidseffekten er usikker, og Akvaplan-niva vurderer at det som vil sikre svar, er ei detaljert overvaking undervegs i ei gradvis opptrapping av produksjonen.

I økokystrappen frå 2021 blir utskiftinga av botnvatnet ved «Korsen», prøvelokaliteten i Geirangerfjorden, skildra å vere avhengig av tilstanden og prosessane i Storfjorden. Vassførekomsten vart i 2019 klassifisert til moderat tilstand på grunn av lite oksygen på djupet.

I økokystrappen frå 2019 vart dette diskutert og dei skriv at «det er rapportert fallande oksygenverdiar i fleire fjorder på Vestlandet, og liknande kan ikkje utelukkast i Storfjorden. Nedgangen i Geirangerfjorden er difor mest sannsynleg knytt til ei endring/svekking av vatnutskiftinga, moglegens kombinert med auka tilførsel av organisk stoff/nærings saltar.»

For perioden 2019-2021 vart målingane av oksygen i djupvatn framleis klassifisert som «moderat», og for 2020-2022 vart dette endra til «god». Det blir skildra i økokystrappen at Sjøfartsdirektoratet nyleg har innført innstrammingar i regelverket kring forureining frå tømning av svartvatn og gråvatn i fjorden. Dette kan forklare forbetringa for oksygen i botnvatnet ved «Korsen», då området har mykje cruisebåttrafikk. Vi anser områda innanfor tersklane innover fjordsystemet som sårbare for oksygenvinn i botnvatnet.

Sjølv om Geirangerfjorden er relativt langt unna planlagt utsleppspunkt, så viser DHI sin spreingsmodell at noko av utsleppet vil kunne spreie seg hit. Ved usikkerheit i primærfortynninga og langtidseffekten kan vi ikkje utelukke at vassførekomsten kan bli påverka av utsleppet. Djupbassenget sør for Gryddevika, ligg nærare utsleppspunktet og er meir utsett. Eit viktig langsiktig perspektiv er at klimaendringar i norske fjordar kan ha ein synergetisk effekt på oksygenivåa i bassengvatnet. Dette kan vere eit større problem i framtida og blir forska på av HI, UIB og NORCE ([CLIFORD](#)).

Modelleringane av utsleppet viser at konsentrasjonane av nitrogen ikkje vil klassifisere vassførekomstane til dårlegare enn «god» tilstand, sjølv ved låg reinsegradsnivå. I Ytre Oslofjord blir også dei aller fleste prøvelokalitetane klassifisert til minimum «god» for nitrogen, sjølv om økosystemet her er sterkt påverka av nitrogenutslepp. Dette problemet blir drøfta i rapporten frå 2022 «[Utgreiing av behovet for å redusere tilførselene av nitrogen til Ytre Oslofjord](#), s. 71-75». Miljødirektoratet har starta eit prosjekt med HI og NIVA som skal revidere klassegrensene for klorofyll og næringsaltar i sjø.

Trinnvis oppbygging er truleg den einaste måten for å vurdere om Storfjorden kan tole det store utsleppet. Dersom det skulle bli oppstart av prosjektet, trengst det store grunnlagsinvesteringar for å kome i gong med produksjon av matfisk i fjellhallane i Raudbergvika. Til dømes er det svært kostnadskrevjande å sprengje ut i fjellhallar, legge kablar for straumtilførsel og lage tunnelar for vatn inn og ut av anlegget. Vi ser det difor ikkje som aktuelt å vurdere trinnvis oppbygging kombinert med overvaking for å kunne stoppe vidare utvikling av anlegget dersom det gir uakseptabel miljøbelastning.

Statsforvaltaren har stilt krav om trinnvis utbygging til andre store landbaserte matfiskanlegg i fylket. I dette tilfellet vil kvart trinn vere omtrent like stort som eit stort landbasert matfiskanlegg i seg sjølv. Det kan ta lang tid før negative konsekvensar av eit stort næringsutslepp begynner å påverke miljøet i fjorden.

Statsforvaltaren er generelt positiv til utviklinga innanfor landbasert akvakultur, då dette er ein av måtane næringa kan redusere lusemengda i sjø og i tillegg ha vekst. Det er likevel avgjerande at også landbaserte oppdrettsanlegg blir etablert slik at dei har utslepp til gode resipientar.

Påverknad på hornkorall

Det er i revidert planforslag skrive at Statsforvaltaren har vurdert sannsynleg konsekvens for hornkorall til å vere *betydeleg konsekvens*, og at dette er feil. Det blir presisert at sannsynleg konsekvens for hornkorall skal vere *noko forringa*.

Vi viser til vår formulering til 2.gongs høyring:

«*Konsekvensutgreiinga for naturmangfald og naturressursar i sjø har vurdert at tiltaket vil gje betydeleg miljøskade for kjent registrering av kvit hornkorall som er kategorisert som sårbar art i Norsk raudliste (2021) og er såleis ein truga art. For sju andre delområde er det vurdert at tiltaket vil gje noko miljøskade, medan ein ubetydeleg*».

Dette er henta frå oppdatert konsekvensutgreiing for naturmangfald og naturressursar i sjø, datert 28.06.2022:

Tabell 7. Oppsummering av konsekvenser for naturmangfold ved planlagt utbygging i Raudbergvika.

Vurderinger	Delområde	0-alt.	Utbygging Raudbergvika
Konsekvens for delområder	1. Geiranger-Herdal	0	Ubetydelig (0)
	2. Influensområdet	0	Noe miljøskade (-)
	3. Sunnylvfjorden øst	0	Noe miljøskade (-)
	4. Sunnylvfjorden vest	0	Noe miljøskade (-)
	5. Nordalsfjorden	0	Noe miljøskade (-)
	6. Ukseneset	0	Noe miljøskade (-)
	7. Skrednakken	0	Betydelig miljøskade (-)
	8. Raudbergvika	0	Noe miljøskade (-)
	9. Storfjorden	0	Noe miljøskade (-)
Avveininger	Begrunnelse for vektlegging	Delområde 7 vektlegges i vurderingen	
	Samlede virkninger	Økosystemet er i dag noe belastet fra før og belastningen vil øke ytterligere.	
	Samlet konsekvens	Middels negativ konsekvens	
Samlet konsekvens for naturmangfold	Begrunnelse	Tiltaket vil for de fleste delområder ha lav konsekvensgrad, men for korallforekomster ved Skrednakken kan konsekvensen bli betydelig. Tiltaket medfører også økt samlet belastning på økosystemet.	

Det kan sjå ut som at til at ein ved tilbakemelding på vår merknad til korallane har lagt vekt på ein tidlegare versjon av konsekvensutgreiinga for naturmangfold i sjø ved Raudbergvika.

Massehandtering

Vi ser ikkje at det er kome fram nye opplysningar eller endringar som gjer at vi kan trekke denne motsegna. Så lenge ikkje massehandteringa er avklart i reguleringsplanen er ikkje plana sine verknader for miljø og samfunn tilstrekkeleg utgreidd, jamfør plan og bygningslova § 4-2 og vi **opprettheld motsegn** til plana.

Det er planlagt å lage nye berghallar i fjellet ved sida av ei gamal olivingruve ved å sprengje ut 5.500.000 pfm³ steinmasse. Til samanlikning var tunnelen mellom Korsmyra – Indreeide planlagt å ta ut 330.000 pfm³ masse, altså er dette uttaket minst 16 gonger større i omfang.

I ei sak der omfanget av masse om skal handterast er så stort må temaet vere tilfredsstillande avklart i plansaka. Massehandtering er ei vesentleg problemstilling i prosjektet. Uttaket er eit stort inngrep i fjellet og vil i tillegg kunne representere eit stort terrenginngrep ved deponering. Ein må såleis vise til realistiske areal å gjere av massane i denne plana.

Alternativt areal

Oppdrettsanlegg av denne storleiken med tilhøyrande store utslepp må etter vår vurdering vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden. Dette er særleg relevant for eit prosjekt om råker ved internasjonale og nasjonale verdiar som verdsarven er. Vi **opprettheld difor motsegna** som går på at reelle alternative lokaliseringar ikkje er vurdert.

I revidert planomtale kapittel 6.1.1 er det gjort ei vurdering av alternative areal. Kapittelet tek utgangspunkt i ei rekkje parametre som skulle oppfyllest for at eit av alternativa var aktuelle. Det er lista opp faktorar som nærleik til dagens etablerte anlegg, sjøbasert tilkomst, god tilgang på sjøvatt med rette temperaturar, gode resipientforhold, tilgang på energi og tilstrekkeleg avstand til busetnad med omsyn til etablert buesetnad, bygningsvolum og høgder og potensielle luktulempar frå biogassanlegget.

Parametrane avgrensar det geografiske området der det blir søkt etter eigna lokalitetar på ein slik måte at vurderingane blir lite eigna for ei overordna planvurdering. Det gjeld spesielt målet om «nærleik til dagens etablerte anlegg». Ved å utvide søksområdet vesentleg, ville det vere mogleg å finne lokalitetar der eit stort oppdrettsanlegg kunne plasserast med langt lågare konflikter enn i det området som er valt.

Vi registrerer også at det i liten grad er vurdert etablering av oppdrettsanlegg i fjellhallar på andre stader enn Raudbergvika. Det er heller ikkje dokumentert godt nok fordelar og ulemper med dei andre lokalitetane som er nemnt i planomtalen.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Oppsummert vurderer vi at ROS-analysen tilfredsstillir utgreiingskravet, og Statsforvaltaren **trekker motsegna** til planen, jf. pbl. §4-3 med føresetnad om at berghallen vert stadfesta plassert i tryggleiksklasse S3, og at minimumskote 13 for berghallen vert sikra tydeleg gjennom planføresegnene. Vidare må planen ta inn igjen vurderingane knytt til kaiene etter unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4.

Vi rår vidare til at plandokumenta oppdaterast slik at dei som eit minimum ikkje viser motstridande informasjon. Dette gjeld særleg planomtale, ROS-analyse og KU der samfunnstryggleik og beredskap er tema. Spesielt KU er i utakt med kva som er gjeldande/oppdaterte vurderingar.

Ved førre høyring oppretthaldt Statsforvaltaren motsegna til planen med grunnlag i mangelfull ROS-analyse, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Samtidig trakk vi to motsegner knytt til mangelfull oppfølging av funn i ROS-analysen.

ROS-analysen

Ved førre offentlege høyring gjorde vi kommunen merksam på at den mangelfulle ROS-analysen gjorde det vanskeleg å vurdere om planen følgde opp avdekka risiko og sårbarheit tilfredsstillande. Spesielt vil plassering av tiltak i tilhøyrande tryggleiksklasse påverke risiko og sårbarheit, og behov for oppfølging i planen. Mangelfull grunngjeving for plassering av tiltak i ein tryggleiksklasse var ein vesentleg del av motsegngrunnlaget frå Statsforvaltaren ved førre høyring.

Val av tryggleiksklasse

Planomtalen kapittel 6.4.1 skildrar vurderingsgrunnlaget for val av tryggleiksklasse for planlagde tiltak. I tillegg til venta personopphald, er samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar inkludert i vurderinga av tryggleiksklasse. Vi ser av revidert situasjonsplan i planomtalen at smoltanlegget er fjerna, og at administrasjonsbygget og bygg for overnatting er vist som to separate bygg. Alle tiltak i dagsona i Raudbergvika er plassert i tryggleiksklasse S2. Dette inkluderer mellombelse anleggsbrakker.

Ut frå planomtalen kan det sjå ut som dei mellombelse anleggsbrakkene skal plasserast i Raudbergvika. Mellom anna fordi det står at brakkene skal plasserast på kote sju. Samtidig når vi les planføresegnene ser det ut som mellombelse anleggsbrakker planleggast innanfor føresegnsområde #3 som ligg i Eidsdal. Vi lurar her på kva som er riktig. Vi minner om at sjølv mellombelse tiltak skal plasserast tilstrekkeleg trygt mot skred (tilsvarande krav til tryggleik gjeld ikkje for flodbølgjefare i område der det er etablert eit forsvarleg beredskapssystem, jf. TEK17 § 7-4

fjerde ledd). Ut frå plankartet ser det ut som føresegningsområde #3 ligg trygt mot 1000-årsskredet. Dersom mellombelse anleggsbrakker skal plasserast i Eidsdal innanfor føresegningsområde #3 har vi ikkje vidare merknadar til dette. Dersom brakkeane skal plasserast i Raudbergvika må planen sikre at dei plasserast tilstrekkeleg trygt mot skredfare, jf. TEK17 § 7-3.

Vi ser i planomtalen kapittel 6.4.1 at berganlegget skal plasserast på kote 13. Det er venta at 5000-årsflodbølgje som følgje av fjellskred frå Åkneset går opp til kote 13 i Raudbergvika. Det er ikkje skildra i planen, men ved å plassere berganlegget på kote 13 føreset vi at anlegget no er plassert i tryggleiksklasse S3. Vi meiner at dette valet må stadfestast tydeleg i ROS-analysen/planomtalen. Vidare meiner vi at planføresegnene må setje krav om at berganlegget plasserast på minimum kote 13.

Tunnelportalar inn til berganlegget vil ligge på kote sju og tilkomstvegen får ei innvendig stiging opp til kote 13 til berghallane. Det står ikkje noko om kor bratt tilkomstvegen vert for berghallen. Vi føreset at stigingsgraden vert innanfor gjeldande retningsliner. Vidare saknar vi ei grundigare grunngeving for konklusjonen om at det er lite sannsynleg at flodbølgja får konsekvensar for berganlegget når tilkomstvegen ligg under trygg kote for 5000-årsflodbølgja.

Kaier er plassert i tryggleiksklasse S2 i planomtalen. I vurderinga av tilstrekkeleg tryggleik for kaiene er det skrive at for bygg i tryggleiksklasse S2, kan krav til tryggleik for tilhøyrande uteareal reduserast til tryggleiksnivået som er gjeve for S1-tiltak fordi eksponeringstida vil vere vesentleg lågare utanfor bygga. Vi meiner denne delen av rettleiinga til TEK17 § 7-3 ikkje er gjeldande for kaiene, ettersom det er sjølve kaiene som plasserast i ein tryggleiksklasse. Dette betyr at kaiene ikkje tilfredsstiller tryggleikskrava i TEK17 § 7-3, og må vurderast etter unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4. Kaiene vart til førre høyring vurdert etter unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4 i KU.

Som vi skreiv i førre høyring var vi samd i at kaiene tilfredsstiller vilkåra i TEK17 § 7-4, med føresetnad om at resten av utbygginga tilfredsstiller tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Om TEK17 § 7-4 måtte nyttast for ein større del av planen, var det derimot ikkje gitt at kaiene i seg sjølv tilfredsstilte vilkåra i TEK17 § 7-4. Slike planen no føreligg tilfredsstiller utbygginga tryggleikskrava i TEK17 § 7-3, med unntak av kaiene. Kaiene var i førre høyring vurdert etter unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4. Med føresetnad om at ROS-analysen/planomtalen tek inn igjen vurderingane som vart gjort av kaiene etter unntaksvilkåra, har vi ikkje vidare merknad til denne delen av ROS-analysen.

Oppdatering av dokumentasjon

Som kommunen skriv i vurderinga av planforslaget føreligg det no ei stor mengde dokumentasjon, noko som òg omfattar dokumentasjon knytt til samfunnstryggleik og beredskap. Den omfattande saksmengda gjer truleg at vi ser at ulike dokument i ulike grad er oppdaterte, og at informasjon/vurderingar ikkje samsvarar på tvers av dokument. For vår del ser vi at spesielt KU ikkje er oppdatert i samsvar med det som står om samfunnstryggleik i planomtalen. Noko av dette gjeld òg for ROS-analysen. I tillegg er vurderingar knytt til samfunnstryggleik og beredskap å finne i ulike dokument, og ulike plassar i same dokument. For dei som skal lese planen, og forstå risikobiletet til utbygginga, er det ein stor fordel om desse vurderingane i større grad vert samla på ein plass enn det som no er tilfelle. Spesielt gjeld dette dei sentrale vurderingane om risiko og sårbarheit, og korleis dette er følgt opp i planen. Som eit minimum bør dokumenta oppdaterast slik at vurderingar knytt til samfunnstryggleik samsvarar på tvers av dei ulike dokumenta. Plassering av tiltak i tryggleiksklasse er eitt av fleire døme der vi ser dette er skildra ulikt i ulike dokument.

Barn og unge

Vi kan **trekke vår motsegn** knytt til barn og unge da det er stilt rekkefølgekrav om istandsetting av badeplassen før parkerings- og veganlegg i Eidsdal blir tatt i bruk.

Samfunnsnytte

I samband med oversending av revidert planforslag har Fjord kommune utarbeidd eit notat som viser til betydinga dette anlegget vil få for næringsliv og samfunnsmessig berekraft i Fjord kommune. Anlegget vil gje fleire arbeidsplassar og truleg betre bustadmarknaden. Kommunen har tru på at etableringa vil gje store ringverknader for kommunen.

Vi har forståing for at kommunen ønskjer dei positive effektane ei slik etablering kan gje. Vi vurderer likevel at samfunnsnyttan vil bli vesentleg større dersom anlegget blei lokalisert på ein stad der dei negative verknadene for miljøet var lågare. Vi saknar også ei vurdering av kva verdsarvstatusen gir av verdi i reiselivssamanheng og for verdiskaping generelt, og korleis dette vil endre seg om ei utbygging vil sette verdsarvstatusen i fare.

Konklusjon

Statsforvaltaren har vurdert revidert planforslag og opprettheld motsegnene på følgjande punkt:

- **Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap og landskapsvernområde Geiranger-Herdalen punkt jf. T-2/16 punkt 3.6, 3.7 og 3.9**
- **Det er for stor usikkerheit for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad på økosystemet, jf. T-2/16 punkt 3.7, med vekt på naturmangfaldlova §§ 9 og 10**
- **Lokalisering av eit anlegg av denne storleiken må vurderast på eit overordna nivå utover Storfjorden, jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 19 og naturmangfaldlova § 12**
- **Massehandtering må avklarast nærare, jf. pbl § 4-2**

Desse motsegnene er trekt frå 2.gongs høyring:

- **ROS-analysen tilfredsstillar ikkje utgreiingskravet i plan og bygningslova, jamfør plan og bygningslova § 4-3**
- **Føresegnene må sikre opparbeiding av badeplassen med rekkefølgekrav**

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Ulf Lucassen
underdirektør plan og klima

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Forureining: Mathias Høgseth Strømmen, tlf. 71 25 85 48

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15